


Samfunnsdelen til kommuneplanen 2022 - 2034

Øygarden kommune

Innhald

1. Forord	3
2. Innleiing	4
3. Øygarden - eit fyrtårn i vest!	7
4. Øygarden er ein god stad å bu	10
5. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet	14
6. Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn	18
7. Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn	22
8. Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ	24
9. Arealstrategi med senterstruktur	26
10. Korleis følgjer vi opp samfunnsdelen til kommuneplanen?	36



Copyright Øygarden kommune 2022
Vedteken av kommunestyret 24.03.2022

Trykk: Bodoni | Opplag: 300

Tekst: Elin Helland-Jooste, Eli Janett Fosso, Kristina Espeseth,
Lisbeth Selstø, Sven Selås Kallevik m.fl.

Grafisk utforming: Monica Hovland

MYKJE LØYE Å OPPLEVA I GARDEN VEST FOR BERGEN



1 Forord

Saman skal vi byggja eit fyrtårn i vest!

Samfunnsdelen til kommuneplanen er vårt felles verktøy for å bygga Øygarden - eit fyrtårn i vest. Ambisjonen er at vi saman skal skapa ein god plass å bu, der alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå, opplever god livskvalitet. I fellesskap skal vi styra mot grøn og berekraftig omstilling og ta vare på naturen og kulturen vår. Som aktiv samfunnsutviklar skal vi skapa gode rammevilkår for næringslivet, og arbeida målretta for at innbyggjarane tileignar seg god og framtidsette utdanning og kompetanse.

Øygarden har mange kvalitetar vi kan vera stolte av. Vi har eit variert og omstillingsdyktig næringsliv. Vi er omgitt av vakker natur og ein rik kystkultur. Vi har engasjerte innbyggjarar som kvar dag bidrar til å gjera sitt lokalsamfunn betre. Vi er ein attraktiv og viktig kommune i bergensregionen. Dette er viktige fortrinn som vi saman kan bygga vidare på, slik at vi oppnår ei berekraftig utvikling til beste for alle.

Berekraftmåla til FN ligg til grunn for utarbeidinga av planen. For første gang har vi fått eit felles globalt rammeverk for arbeidet med samfunnsutviklinga på kommunenivå. Sjølv om alle berekraftmåla er viktige har vi i Øygarden valt ut åtte berekraftmål som skal ha særleg fokus framover. Dei åtte prioriterte berekraftmåla bygger på kunnskap om lokale utfordringar, og vårt handlingsrom til å møte desse. På toppen av berekraftmåla står nummer 17 – samarbeid for å nå måla.



Mange har engasjert seg og gitt viktige innspel til arbeidet med å utvikla samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034. Eg håpar at de som har engasjert dykk vil kjenna att dei strategiane og felles måla vi no set oss for tilbud av tenester og for samfunnsutviklinga. Samfunnsdelen til kommuneplanen er eit produkt av gjennomført samarbeid mellom alle dei som skal vera med på å bygga samfunnet i Øygarden, anten det er private eller offentlege aktørar.

Takk til alle som bidreg.
Saman skal vi byggja eit fyrtårn i vest!

Tom Georg Indrevik
ordførar

2 Innleiing



Samfunnsdelen er det viktigaste verktøyet vi har til å styra kommunen vår, og handlar om korleis vi skal utvikla samfunnet og tenestene våre i eit langsiktig perspektiv. I dette kapitelet kan du lesa meir om kva ein kommuneplan er, hovudmåla i planen, og korleis vi har arbeidd.

2.1 Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet til kommunen, og handlar om korleis vi skal utvikla oss dei neste 12 åra. Kommuneplanen består av tre delar; ein samfunnsdel med langsiktig arealstrategi, ein arealdel, og ein handlingsdel (økonomiplan).

Samfunnsdelen til kommuneplanen handlar om korleis vi skal utvikla Øygarden framover, både som samfunn og som kommuneorganisasjon. Den inneheld langsiktige mål som fortel oss kva retning vi ønsker å utvikla oss i, og strategiar som viser kva vi må gjera for å nå måla våre. Samfunnsdelen skal også innehalda **langsiktige arealstrategiar**. Arealstrategiane er eit viktig bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen, og viser overordna prinsipp for korleis vi må utvikla areala våre for å nå måla i samfunnsdelen.

Arealdelen til kommuneplanen viser kor vi til dømes skal bygga hus, vegar, parkar og idrettsanlegg, og er juridisk binande. Arealdelen skal sikra at arealbruken støtter opp om og bidreg til å nå måla i samfunnsdelen.

Økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen, og seier kva vi skal prioritera på kort sikt for å nå måla i samfunnsdelen. Økonomiplanen har eit fireårig perspektiv, og vert rullert årleg.

2.2 Korleis følgjer vi opp planen?

Som styringsverktøy vil samfunnsdelen innehalda mål og strategiar på eit overordna nivå. Her legg vi retninga 12 år fram i tid. I planperioden skal vi bryta dei overordna måla og strategiane ned til meir målbare mål og tiltak. Du kan lesa meir om korleis vi følgjer opp planen i kapittel 10.

2.3 Berekraftmåla til FN som grunnlag for samfunnsdelen

Ei berekraftig utvikling handlar om å møta behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegga moglegheita for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov. For å sikra ei berekraftig utvikling har FN utarbeidd 17 utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft på verdsbasis. Berekraftmåla til FN gjeld for alle land, og regjeringa har forplikta Noreg til å arbeida for å nå desse måla.




I arbeidet med [kunnskapsgrunnlaget til planstrategien](#) har vi tolka og analysert våre lokale utfordringsbilete og moglegheiter i lys av berekraftmåla til FN, og kopa dei til aktuelle berekraftmål. Dette var eit viktig grep for å omsetta berekraftmåla til vår lokale kontekst, og å gjera dei relevante for vår kommune.

Gjennom politiske prosessar har Øygarden valt å løfta fram åtte berekraftmål som skal ha særleg merksemd i utviklinga av kommunen vår. Berekraftmål 17, som handlar om samarbeid for å nå måla, er eit viktig premiss for å løysa framtidige samfunnsutfordringar. Dei prioriterte berekraftmåla har vidare danna grunnlaget for hovudmåla i samfunnsdelen.



GLØYM
GARDERMOEN
ENGLAND ER NÆRARE



2.4 Takk til alle som har bidratt til samfunnsdelen

For å laga ein god plan som møter framtidige behov er det viktig å vita kva folk i Øygarden er opptekne av. Gjennom våren 2021 har innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar hatt høve til å seia si meining om korleis vi skal utvikla kommunen vår. Rundt 250 har delteke på ulike arrangement, og ytterlegare 100 har sendt skriftlege innspel. I tillegg har 12 barne- og ungdomsskular i kommunen laga film med innspel til planen. Felles for alle medverknadsaktivitetane er at innspel og samtalar har tatt utgangspunkt i tema- og innsatsområda i samfunnsdelen.

Funn frå dei rundt 500 innspela frå medverknadsarbeidet er samla i eit drøftingsgrunnlag. Drøftingsgrunnlaget har vore eit viktig kunnskapsgrunnlag når politikarar har arbeidd fram mål og strategiar for samfunnsutviklinga.

I høringsperioden har vi motteke over 120 innspel til planen. I tillegg har vi hatt god deltaking på dei ulike høringsarrangementa. Lesarinnlegg i lokalavisa har også vitna om stort engasjement for samfunnsdelen. Samla sett har innspela bidratt til ein betre plan for framtida til Øygarden.



3 Øygarden - eit fyrtårn i vest!



Visjonen om å vera eit fyrtårn i vest er eit løfte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og frivillige om å vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar.

3.1 Visjon

Øygarden - eit fyrtårn i vest er visjonen vår. I denne visjonen ligg det viktige ambisjonar for kommunen:

- Vi skal utnytta våre fortrinn innanfor energi, teknologi, marine ressursar, naturressursar og reiseliv.
- Vi skal levera gode tenestetilbod til innbyggjarane, og gjennom aktiv samfunns- og næringsutvikling sikra attraktivitet og vekst i heile kommunen.
- Nærttenestepriippet skal leggast til grunn for utviklingsarbeidet, der daglege tenester er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt.

3.2 Hovudmål

Samfunnsdelen til kommuneplanen inneheld fem hovudmål for utviklinga av Øygarden som samfunn og kommuneorganisasjon:

1. Øygarden er ein god stad å bu.
2. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.
3. Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn.
4. Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn.
5. Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

Måla og strategiane er utarbeidd med bakgrunn i ønske og ambisjonar for framtida til Øygarden, frå innbyggjarar, næringslivsaktørar, politikarar og tilsette i kommunen.

3.3 Kommunen som samfunnsutviklar

Dersom vi skal nå måla vi set oss for utviklinga av Øygarden, er vi avhengig av eit godt samarbeid. Samskaping og fellesskap er avgjerande for å utvikla ein god kommune og løysa viktige oppgåver, og krev at ulike aktørar samarbeidar. "Vi" i denne planen tyder difor heile øygards-samfunnet - alle som bur, arbeider, driv næring i, eller besøker Øygarden.

Sjølv om vi alle må bidra har kommunen likevel ei særskild rolle og ansvar for å ta initiativ, koordinera, og vera pådrivar for utviklinga. Det siste hovudmålet i samfunnsdelen - Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ - handlar difor om rolla til kommuneorganisasjonen som samfunnsutviklar.

3.4 Slik les du planen

Samfunnsdelen består av fem hovudmål med tilhøyrande delmål og strategiar.

Under kvart hovudmål kan du lesa ei kort skildring av korleis vi ønsker det skal vera i Øygarden i 2034 - *slik vil vi ha det*. Hovudmåla peikar ut viktige satsingsområde for Øygarden.

Etter det følgjer delmåla som skal bidra til at vi når hovudmåla våre. Under kvart delmål følgjer det ei liste med strategiar - *slik gjer vi det*. Strategiane skal visa kva vi skal gjera for å nå delmåla våre.

Fleire av strategiane og delmåla under eitt hovudmål vil også vera relevante for andre hovudmål. Dei fem hovudmåla med tilhøyrande delmål og strategiar må difor lesast i samanheng. På same måte må arealstrategiane ikkje lesast isolert, men som ei oppfølging av hovudmåla i samfunnsdelen. Arealstrategiane legg føringar for korleis vi skal bruka areala våre slik at vi når hovudmåla i samfunnsdelen.

Hovudmåla, delmåla og strategiane i planen er bygd opp slik at dei er overordna og tverrfaglege. Dette er viktig for at vi saman kan løysa framtidige oppgåver i fellesskap - både med innbyggjarar, næringsliv, frivilligheita, tilsette og andre aktørar.





4 Øygarden er ein god stad å bu



Ein god stad å bu handlar om å leggja til rette for gode kvardagsliv, uavhengig av kvar ein bur. Attraktive og inkluderande lokalsamfunn, med god tilgang til både natur, handel, kultur og tenestetilbod er viktig for folk flest.



Målsettingar og satsingar innanfor ein god stad å bu viser korleis vi skal utvikla Øygarden som eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn. Vi skal utvikla ein kommune som sikrar innbyggjarane ein kortreist, aktiv og inkluderande kvardag, og som legg til rette for samskaping og innbyggjarinvolvering. Vi skal fremja gode bumiljø som sikrar ulike behov, og med god tilgang til møteplassar, natur og sjø. Eit fleksibelt, innovativt og berekraftig transportsystem skal binda kommunen sterkare saman, og sikra at innbyggjarane kan vera aktive og meistra eigne liv.

4.1 Slik vil vi ha det

Hovudmål:

Øygarden er ein god stad å bu.

Delmål:

- Øygardssamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn.
- Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløysingar.
- Alle innbyggjarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar.
- Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.


4.2 Slik gjer vi det

4.2.1 Øygardsamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn

- Vi skal prioritera folkehelse i all fysisk planlegging, og leggja til rette for omgjevnadar som stimulerer til eit aktivt kvardagsliv.
- Vi skal vera ein føregangskommune innan universell utforming i offentlege bygg.
- Vi skal leggja til rette for innbyggjarinvolvering i arbeidet med å sikra opplevinga av tryggleik og tilgjenge.
- Vi skal leggja til rette for gode fysiske uterom som inviterer til sosiale møter og aktivitetar for alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå.
- Vi skal arbeida for toleranse for ulike trussamfunn, og leggja til rette for eit aktivt trusliv i heile kommunen.
- Vi skal leggja til rette for at alle nye bustadområde skal ha enkel tilgang til natur og nærturterreng.
- Vi skal prioritera at flest mogleg kan koplase seg til reint og offentleg vatn.
- Vi skal førebygga uønskte hendingar basert på risiko- og sårbarheitsanalysar.

4.2.2 Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløysingar

- Vi skal gjera det lettare å gå, sykla og reisa kollektivt.
- Vi skal arbeida aktivt for å tilby fleksible, berekraftige og smarte transportordningar til innbyggjarane, på tvers av alder, funksjonsnivå og digital kompetanse.
- Vi skal betra transporttryggleiken gjennom godt kunnskapsgrunnlag, trygg infrastruktur, drift og vedlikehald og informasjons- og mobilitetsopplæring.
- Vi skal samarbeida aktivt med Skyss for å utvikla eit godt kollektivtilbod til innbyggjarane våre.
- Vi skal arbeida vidare med framtidretta kollektivløysingar som også omfattar "blå bybane".
- Vi skal arbeida vidare med eit framtidretta kollektivt ringvegssystem på Litlesotra.





4.2.3 Alle innbyggjarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar

- Vi skal sikra variasjon i bustadtilbodet i heile kommunen, og tilby ulike bustadar og buformer som passar for ulike livsfasar og livssituasjonar.
- Vi skal leggja til rette for meir mangfald og variasjon i alder- og familiesamansetning i sentrumsområda, ved å tilby bustadar i ulike størrelsar og priskategoriar.
- Gjennom auka og fleksibel bruk av bustadsosiale verkemiddel skal vi leggja til rette for at fleire får høve til å eiga eigen bustad.
- Vi skal leggja til rette for at det å leiga bustad skal vera eit trygt og godt alternativ til å eiga.
- Vi skal sikra at innbyggjarar med behov for kommunal utleigebustad skal få bu i bustad med god standard, nærleik til teneste-, service- og kollektivtilbod, og med tilpassa hjelp til å ivareta eige bu-forhold.
- Vi skal førebygga at innbyggjarar vert bustadlause ved å sikra god bustadsosial oppfølging, og god samhandling mellom tenestene og andre aktørar.

4.2.4 Øygarden har attraktive sentre og gode og aktive lokalsamfunn

- Vi skal leggja til rette for eit aktivt lokaldemokrati i utviklinga av kommunen.
- Vi skal mobilisera innbyggjarane til å bidra med tiltak som skapar trivsel og fremjar identitet i eigne lokalmiljø.
- Vi skal vera ein aktiv samarbeidspart for å sikra attraktive og velfungerande senter, med gode kultur, service- handels- og fritidstilbod.
- Vi skal utvikla ein berekraftig senterstruktur som legg til rette for at innbyggjarane i heile kommunen har god tilgang til offentlege og private service- og tenestetilbod.
- Vi skal vera ein kommune tufta på JA-prinsippet. Sakshandsaminga skal vera imøtekommande, løysingsorientert, innbyggjarvenleg og føreseieleg.

NØYSAME
GARDBRUKARAR
LEVER LENGRE



5 Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet



God livskvalitet handlar om å vera del av eit fellesskap, å kjenna seg trygg, og å kjenna på meistring.



For å auka livskvalitet og trivsel blant innbyggjarane er det mykje som tyder på at opplevinga av glede, mening, meistring, sosial deltaking og sjølvstende er viktig. Det vil seia at det er viktig å leggja til rette for eit inkluderande og trygt samfunn med gode og tilgjengelege arenaer for meistring. Delmåla og strategiane under dette hovudmålet legg difor vekt på å styrka faktorar som bidreg til opplevinga av å vera sjølvstendig, ha god sjølvkjensle og det å høyra til, og som gjer at alle innbyggjarane kan kjenna seg verdifulle.

5.1 Slik vil vi ha det

Hovudmål:

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

Delmål:

- Det er godt å veksa opp i Øygarden.
- Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.
- Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
- Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.




5.2 Slik gjer vi det

5.2.1 Det er godt å veksa opp i Øygarden

- Vi skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter.
- Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv.
- Vi skal arbeida systematisk med kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og læring i barnehage og grunnskule.
- Vi skal sikra at barn og unge får god og likeverdig tilgang til helsestasjonstenester.
- Vi skal ha nulltoleranse for diskriminering, mobbing og rasisme.
- Vi skal arbeida for eit raust og inkluderande samfunn som fremjar identitet og fellesskap.
- Ved å leggja MOT-verdiar til grunn skal vi arbeida for at ungdom kan ha tru på egne krefter, ta vare på seg sjølve og kvarandre, og ta val som gjer at dei meistrar livet.
- Vi skal vera ein føregangskommune i å førebygga mobbing, utanforskap og psykiske vanskar hos unge, til dømes gjennom MOT eller andre program.
- Vi skal sikra at fritids- og tenestetilbodet til barn og unge står i samsvar med utbygginga i kommunen.
- Vi skal arbeida for å gje barn og unge tilgang til rike naturopplevingar, og auka deira forståing for naturverdiene som finst i kommunen.
- Vi skal leggja til rette for fleire uformelle sosiale møteplassar og aktivitetar for barn og unge.
- Vi skal gjera barn og unge i stand til å ta gode val som bidrar til sunn fysisk, psykisk og seksuell helse.
- Vi skal gjera barn og unge trygge ved å gje dei tilstrekkeleg kunnskap om vald og seksuelle overgrep, og gjera oss i stand til å avdekka og følgja opp.

5.2.2 Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv

- Vi skal sikra frivilligheita gode rammevilkår, slik at dei kan bidra med gode aktivitetstilbod til innbyggjarane våre.
- Vi skal fasilitera og mobilisera til samarbeid for å utvikla eit heilskapleg kultur-, fritids- og idrettstilbod i kommunen.
- Vi skal leggja til rette for fleksibel bruk av offentlege bygg, som fremjar eit mangfald av kultur- og idrettsaktivitetar, og sørge for at informasjon om tilgang er lett tilgjengeleg.
- Vi skal mobilisera ressursane som finst blant innbyggjarane, uavhengig av alder, funksjonsnivå og etnisitet.
- Vi skal tilby fritids- og kulturtilbod i kommunen som er tilpassa alle aldersgrupper, interesser og funksjonsnivå.
- Vi skal sikra lågterskelaktivitetar i samsvar med behova til innbyggjarane.
- Vi skal sikra at kultur- og fritidsaktivitetar er tilgjengelege for alle gjennom kollektivtilbod eller fleksible transportordningar.
- Vi skal leggja til rette for å ta vare på den kristne kulturarven.





5.2.3 Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse

- Vi skal arbeida systematisk for å betra folkehelsa og utjamna levekårsforskjellar.
- Vi skal arbeida førebyggjande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggerane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå.
- Økonomiplanen skal tydeleg prioritera helsefremjing og førebygging føre reparering.
- Vi skal gjennom oppdatert kunnskap og strategisk samarbeid arbeida for å førebygga sjukdom, vald, overgrep, skader og ulukker.
- Vi skal aktivt førebygga og tidleg avdekka rusutfordringar.
- Vi skal prioritera god språkopplæring for å førebygga utanforskap.
- Gjennom tidleg innsats og eit heilskapleg fokus på livsløpet skal vi arbeida for å førebygga utanforskap for alle aldersgrupper.
- Vi skal sikra at eksistensielle og åndelege behov vert ivaretekne ved å aktivt involvera kyrkja og andre trussamfunn.

5.2.4 Øygarden er eit inkluderande og aldersvennleg samfunn

- Vi skal leggja til rette for aktiv deltaking og involvering av alle innbyggerar som ressursar i samfunnet, uavhengig av alder og funksjonsnivå.
- Vi skal leggja til rette for at innbyggerane kan ta gode val for eiga helse og eigen bustadsituasjon, for å kunna meistra eigen alderdom.
- Vi skal sikra tilgang til trygge og inkluderande lokalmiljø med funksjonar som dekker daglege behov.
- Vi skal samarbeida for å leggja til rette for aktivitetar for eldre, og med særskild fokus på demente.
- Vi skal utvikla og ta i bruk innovative tenester og velferdsteknologi, ut i frå behov.

6 Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn



Å vera eit kompetent, innovativ og produktivt samfunn handlar om å skapa gode rammevilkår for berekraftig verdiskaping, tilgang på rett kompetanse og system for eit meir inkluderande og arbeids- og næringsliv.



For å oppretthalda velferda, trivselen og livskvaliteten til innbygarane våre er berekraftig økonomisk vekst og verdiskaping over tid avgjerande. Det må skapast verdiar som kjem heile øygardssamfunnet til gode. Som samfunnsaktør skal kommunen skapa gode rammevilkår for eit innovativt, framtidretta og konkurransedyktig næringsliv. Grøn omstilling, berekraftige marine og maritime næringar og eit vekstkraftig Straume er sentrale satsingar.

Eit attraktivt og inkluderande arbeids- og næringsliv er ein viktig del av utviklingsarbeidet. Relevant utdanning og kompetanse, og gode system for livslang læring, er avgjerande for å sikra tilgang på arbeidskraft som

tek høgde for nye og skiftande behov i arbeidslivet. Morgondagens utfordringar skal løysast gjennom samarbeid. Her vil kunnskap, forskning og innovasjon stå sentralt. Samarbeid på tvers av fagområde og bransjar skal stimulera til nye teknologiske og klimakloke løysingar. Ambisjonen er at Øygarden skal vera eit utstillingsvindauga i det grønne skiftet.

6.1 Slik vil vi ha det

Hovudmål:

Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn.

Delmål:

- Øygarden er i front på framtidretta kompetansebygging.
- Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv.
- Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar.
- Øygarden er eit nasjonalt og globalt utstillingsvindauga for innovasjon og grøn omstilling.
- Straume er styrka som regionalt kraftsenter; både for Øygarden og bergensregionen.

6.2 Slik gjer vi det

6.2.1 Øygarden er i front på framtidsetta kompetansebygging

- Vi skal samarbeida med næringslivet, fylkeskommunen og utdanningsinstitusjonar for å tilby nye og framtidsetta utdanningstilbod lokalt.
- Vi skal vera ein pådrivar og tilretteleggjar for fagutdanning og lokal etablering av utdannings- og forskingsmiljø som er relevante for næringslivet.
- I samarbeid med næringslivet skal barn og unge bli tidleg inspirert av relevante utdanningar og yrker.
- Vi skal aktivt bidra til at fleire fullfører grunnskule og vidaregåande opplæring, med høgt læringsutbytte.
- Vi skal systematisk samarbeida med næringslivet og FOU-miljø for å bygga og dela kompetanse som set oss i førarsetet i det grønne skiftet.
- Vi skal vera framtidsetta ved å samlokalisera idrett, forskning, oppvekst, studiar og kompetansebedrifter for å sikra oss relevant kompetanse i kommunen.
- Vi skal samarbeida med lokalt næringsliv og regionale og nasjonale FOU-miljø for å utvikla og ta i bruk kunnskapsbaserte og innovative digitale løysingar.

6.2.2 Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv

- Vi skal samarbeida med lokalt næringsliv for å mobilisera til meir inkluderande arbeidsliv og høgare yrkesdeltaking.
- Gjennom aktivt samarbeid skal vi utvikla fleire og meir mangfaldige praksis-, lærekandidat- og læreplassar.
- Vi skal prøva ut nye og innovative metodar for samarbeid og oppfølging for å nå mål om anstendig arbeid for alle.

6.2.3 Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar

- Vi skal ta ei tydeleg vertskapsrolle og skapa arenaer for samarbeid, nettverk, rekruttering og etableringar.
- Gjennom samarbeid skal vi leggja til rette for vekst i eksisterande bedrifter og næringsklynger.
- Vi skal tilby føreseielege og framtidsetta næringsareal på land og i sjø.
- Vi skal arbeida for å tilby effektiv transport på land, sjø og hav.
- Vi skal arbeida aktivt for å sikra god digital infrastruktur, og trygg og føreseieleg vassforsyning.
- Vi skal samarbeida med regionale og nasjonale aktørar for å utbetra og sikra tilgang på rein og føreseieleg energiforsyning, og leggja til rette for bruk av fornybare energikjelder.
- Vi skal vera ein drivar for samarbeid, koordinering og effektiv realisering av Sotrasambandet, FV561 og FV555.
- Vi skal vera ein proaktiv samarbeidsaktør og effektiv tilretteleggjar for flytting av Bergen havn til Ågotnes.
- Vi skal sikra at samfunnstryggleik og beredskap blir systematisk vurdert og implementert i alle utviklingsprosjekt som t.d. Sotrasambandet og flytting av Bergen havn til Ågotnes.

6.2.4 Øygarden kommune er eit nasjonalt og globalt utstillingsvindauga for innovasjon og grøn omstilling

- Vi skal vera ein strategisk tilretteleggjar for at næringar kopl til olje- og gassindustrien rettar seg mot nye moglegheiter i det grøne skiftet.
- Vi skal vera ein tilretteleggjar og pådrivar for nye investeringar og partnerar i det grøne skiftet.
- Vi skal leggja til rette for å etablera fleire grøne bransjeklynger innan energi, blått hav og sirkulærøkonomi.
- Vi skal bidra til å vidareutvikla potensialet i Co2-fangst og -lagring ved å leggja til rette for å realisera sirkulære forretningsmodellar, nye investeringar og bedriftsetableringar.
- Vi skal samarbeida lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt for å vidareutvikla Øygarden som knutepunkt for blågrøn innovasjon, karbonfangst-, lagring og utnytting, og reint hav.
- Vi skal vera ein proaktiv aktør som legg til rette for kompetansemiljø og bedriftsetableringar innan berekraftige maritime og marine næringar.
- Vi skal leggja til rette for eit variert næringsliv, som inkluderer aktivt kystlandbruk, kulturliv, reiseliv og opplevingar.

6.2.5 Straume er styrkt som regionalt kraftsenter, både for Øygarden og bergensregionen

- Vi skal vidareutvikla Straume som vekstkraftig kommune- og regionsenter, med eit attraktivt og levande sentrum som fremjar etablering av handel, kultur og tenestetilbod.
- Som planmynde, godkjenningsinstans, tenesteutviklar og tenesteprodusent skal Øygarden kommune vera ein aktiv medspelar til utviklinga av Straume som vekstkraftig kommune- og regionsenter.
- Kommune- og regionsenteret vårt skal ha gode koplingar mot sjøen for å bygga opp under moderne kyst- og kulturidentitet.





7 Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn



Kva skal vi som innbyggjarar, næringsaktørar og kommuneorganisasjon gjera for å redusera klimaavtrykk og ta betre vare på naturen vår?



Øygarden som eit klima- og miljøvennleg samfunn viser korleis kommunen skal verta ein føregangskommune innan grøen omstilling og utvikla eit lågutsleppsamfunn ut i frå lokale moglegheiter.

Vi skal ha god beredskap og skapa trygge og gode nærmiljø basert på ein senterstruktur med effektive og miljøvennlege transportsystem.

Vi skal ta vare på ressursane våre for framtidige generasjonar gjennom ei forsvarleg forvaltning av utmarka, kyst- og kulturlandskapet, dyrka mark, vatn og vassdrag, sjøen og havet. Kommunen som organisasjon skal gå framføre og ta ansvar for at vi tek avgjersler basert på kunnskap og inkluderer alle i dugnaden om å halda naturen og havet vårt reint.

7.1 Slik vil vi ha det

Hovudmål:

Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn.

Delmål:

- Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon.
- Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn.
- Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø.

7.2 Slik gjer vi det

7.2.1 Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon

- Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleing.
- Vi skal sikra at organisasjonen har tilstrekkeleg ressursar til å arbeida systematisk og koordinert med klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling.
- Vi skal aktivt følge opp våre forpliktingar i avtalen med Klimapartner Vestland.
- Vi skal aktivt følge opp våre forpliktingar i Miljøløftet.
- Vi skal arbeida målretta med klimatilpassingar og samfunns-tryggleik, for å førebygga konsekvensane av flaum, stormflo, vind, tørke, brann, skred og steinsprang.

7.2.2 Øygarden er eit berekraftig lågutslepp-samfunn

- Vi skal utarbeida klimabudsjett og -rekneskap for Øygarden som viser tydeleg mål om reduksjon av utslepp i samfunnet vårt.
- Vi skal samarbeida for å utvikla smarte, digitale og klima- og miljøvenlege løysingar som reduserer behovet for forflytting og bruk av personbil.
- Vi skal redusera bilkøar, luftforureining og støy ved å ha gode knutepunkt for kollektivreiser, og innfartsparkering som reduserer lange bilreiser.
- Vi skal samarbeida med næringsliv og andre aktørar, og aktivt bruka tilgjengelege verkemiddel for å redusera utslepp som påverkar klima og miljø.
- Vi skal oppmoda innbyggjarar og næringsliv til meir deling, gjenbruk og sirkulærøkonomi, og kommuneorganisasjonen skal vera føregangsdøme.
- Vi skal sørge for eit grønt skifte gjennom initiativ, samarbeid og deltaking.

7.2.3 Øygarden er staden for gode natur-opplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø

- Vi skal ta vare på viktig natur, artsmangfald og kyst- og kulturlandskap.
- Vi skal tilrettelegga for skjøtsel av vegetasjon for å førebygga brann, bevare kulturlandskap og ivareta biologisk artsmangfald.
- Vi skal samarbeida og koordinera næringslivet og offentlege aktørar for å stoppa forureining av jord, vatn, vassdrag, sjø og hav.
- Vi skal samarbeida om å gjennomføra opprydningstiltak, slik at vi held land, vatn, vassdrag, sjø og hav reint og sunt.
- Vi skal ha innovative og enkle løysingar for gjenbruk, avfallsreduksjon og -handtering.




8 Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ handlar om kommunen som organisasjon og om rolla vår som arbeidsgjevar og samfunnsutviklar.



Samarbeid og samskaping er eit av hovudgrepa i samfunnsdelen til kommuneplanen. Dersom vi skal nå måla vi har sett oss for samfunnsutviklinga, er det avgjerande at vi legg til rette for samarbeid og felles oppgåveløysing. "Vi" tyder difor heile øygardssamfunnet; alle som bur, arbeider, driv næring i, eller besøker Øygarden.

Som samfunnsutviklar har likevel kommunen og dei tilsette eit særskilt ansvar for å ta initiativ, mobilisera, koordinera og vera ein pådrivar for samfunnsutviklinga.



8.1 Slik vil vi ha det

Hovudmål:

Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

Delmål:

- Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
- Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.
- Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar.

8.2 Slik gjer vi det

8.2.1 Øygarden kommune er ein aktiv samfunns-utviklar og ansvarleg samfunnsaktør

- Vi skal arbeida kontinuerleg og kunnskapsbasert med samfunnstryggleik og beredskap for å redusera risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.
- Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre.
- Heile kommuneorganisasjonen skal vera ein god rollemodell for korleis vi skal nå målsettingane våre.
- Vi skal fremja lokal språkkultur og identitet.
- Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod.
- Vi skal leggja samhandling, medborgarskap og innbyggjar-involvering til grunn for alt utviklingsarbeid og tenestetilbod.
- Vi skal aktivt nytta verktøy, som til dømes å stilla krav gjennom offentlege innkjøp, for å sikra inkluderande arbeidsliv, innovasjon og klima- og miljøvenlege løysingar.

8.2.2 Øygarden kommune er ein open, tillits-skapande og tilgjengeleg organisasjon

- Vi skal sikra ein open organisasjon der innbyggjarane enkelt har innsyn i prosessar og avgjersler.
- Vi skal bygga kultur med fokus på å møta kvarandre og innbyggjarane våre med gode løysingar.
- Vi skal sikra at informasjon om tenester og tilbod i kommunen er tilgjengelege for alle.
- Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar.
- Vi skal leggje til retta for at innbyggjarane får digital rettleiing og kompetanse.
- Vi skal arbeida førebyggjande og systematisk med data- og informasjonstryggleik.
- Vi skal nytta eit klart og tydeleg språk i all kommunikasjon.

8.2.3 Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar

- Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping.
- Vi skal ha fokus på kunnskap og innovasjon, kompetanse-utvikling og livslang læring.
- Vi skal ta ansvar for å skapa eit godt arbeidsmiljø og utvikla ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.
- Vi skal vera ein arbeidsplass der det er rom for å feila og tenka nytt.
- Vi skal fremja heiltidskultur og arbeida innovativt og systematisk for eit meir inkluderande arbeidsliv.
- Vi skal arbeida proaktivt for å rekruttera og behalda rett kompetanse, slik at vi til ei kvar tid møter framtidig behov for arbeidskraft innan helse, velferd og oppvekst.
- Vi skal tilby fleire og meir mangfaldige praksis-, lærekandidat- og lære plassar.



9 Arealstrategi med senterstruktur

Korleis vi bygger ut og tek vare på areala våre påverkar samfunnsutviklinga. Arealstrategiane seier derfor noko om korleis arealbruken vår skal hjelpa oss med å nå hovudmåla og delmåla i samfunnsdelen.



Vårt største fortrinn i Øygarden er at vi har ulike stader som møter ulike ønsker og behov hos ulike innbyggjarar. Vi har urbane senter med kultur og servicetilbod. Vi har byggefelt med gode naboar, der barna spring mellom husa og leiker i gatene, på leikeplassar og i naturen rundt. Vi har bygder med lokale eldsjeler, der naturen gir ro i sjela. Arealstrategiane seier noko om samanhengen og samspelet mellom alle desse ulike stadane våre. I både bygder og senter skal vi nytta dei lokale moglegheitene og forsterka dei kvalitetane vi set pris på ved vår stad.



Korleis lesa arealstrategiane?

Arealstrategiane viser kva vi skal leggja til grunn for å vurdera kva areal som kan byggast, ved at vi set dei av til ulike byggeformål i arealdelen. Likeins seier arealstrategiane noko om kva vi skal prioritera å ta vare på av natur og verdiar for kommande generasjonar.

Senterstrukturen er eit utbyggingsmønster med fire nivå, og er hovudgrepet i arealstrategiane. Denne strategien bygger på struktur og kvalitetar frå dei tre tidlegare kommunane, som er bygde opp gjennom generasjonar. Samfunnsendingar og behov for modernisering og effektivisering har også ført til struktur og kvalitetar vi har i dag. Senterstrukturen vil påverka kvar kommunen vel å gjennomføra offentlege investeringar innanfor tenestetilbod og infrastruktur. Den skal vera ein føreseieleg strategi for dei som ønsker å investera i å utvikla eigedommar i kommunen. Enten som større utviklingsaktørar, eller som vanlege innbyggjarar med bustadtomt. Uavhengig av kvar i kommunen vi bur, skal senterstrukturen bidra til at vi får korte avstandar til tenester i vårt næraste senter.

Arealstrategiane med senterstruktur legg føringar for arealbruken i arealdelen til kommuneplanen for Øygarden.

SENTERSTRUKTUR ØYGARDEN KOMMUNE

Teiknforklaring

- Kommunesenter
- Kommunedelsenter
- Lokalsenter
- Bygdene



Korleis lesa kartet?

Kartet viser ein senterstruktur med fire nivå: kommune- og region-senter, kommunedelsenter, lokalsenter og bygder. Kartlegginga som ligg til grunn for å definera dei ulike sentra i senterstrukturen er gjort gjennom bruk av kjelder som intensjonsavtalen, kommuneplanane frå dei gamle kommunane og kjent kunnskap om strukturane i kommunen. Analysar og metodar kan lesast meir om i drøftingsgrunnlaget.

Senterområda skal arbeidast vidare med, og definerast i arealdelen til kommuneplanen. Utstrekninga slik den er vist i kartet nedanfor, tek utgangspunkt i eit naturleg punkt som torg, skule, kollektivhaldeplass eller liknande. Utstrekninga går frå dette punktet og fram til 10 minutt sykkelavstand, langs eksisterande veg ([sjå metodeskildring](#)).





9.1 Arealstrategiar for å ta heile kommunen i bruk

Vi skal vidareutvikla eksisterande utbyggingsstrukturar i kommunen vår, ved å prioritera og disponera areala våre ut i frå dei fire nivåa i senterstrukturen.

9.1.1 Viktige grep for å ta heile kommunen i bruk

- Senterstrukturen, saman med dei andre arealstrategiane, skal vera eit verktøy for å ta vare på identitet og særtrekk ved sentera og bygdene våre.
- Potensialet og moglegheitene som sentera og bygdene allereie har skal kunna utnyttast.
- Område med regulerte bustadfelt, der det er ført fram kommunale vass- og avlaupsanlegg, gang- og sykkelveg, og med nærleik til skule og barnehage, må få høve til utviding og fortetting der dette ligg til rette.
- Korte avstandar til kvardagsfunksjonar, rekreasjonsområde og effektive mobilitetsløysingar, skal bidra til eit enkelt og godt kvardagsliv. Også for dei som framleis må bruka bil for å nå sitt næraste senter.
- Endeleg fastsetting av sentersonene skal gjerast i arealdelen til kommuneplanen.
- Prioritera natur- og friluftsansett som er viktige for at sentera våre er attraktive bustadområde.
- Ha tydelege kollektivpunkt i alle sentersonene, kopla mot innfartsparkering.

- Disponera areal til å opparbeida tur- og friluftsområde tett på, eller i alle sentersonene.
- Ha vekst og utvikling gjennom fortetting og effektiv bruk av areal innanfor sentersonene til bustader, arbeidsplassar og offentleg og privat tenestetilbod.
- Tilpassa grad av fortetting og effektivisering ut i frå nivåa i senterstrukturen.
- Legga til rette for at det vert bygd eit variert bustadtilbod i heile kommunen.
- Prioritera trygge og attraktive koplingar og trasear for gåande og syklande innanfor sentersonene.



Vik | Foto: Leif Magne Vik

9.2 Arealstrategiar for bygdene våre

Namn på strategien:

Vi skal styrka bygdene våre ut i frå at dei er svært ulike, med særeigne føresetnader og moglegheiter.

9.2.1 Viktige grep for å styrka bygdene våre

- Vi skal vidareutvikla levande bygder gjennom utbygging i etablerte grender.
- For at bygdene skal opplevast som moderne og attraktive bumiljø, skal vi leggja til rette for noko fortetting i og ved etablerte bustad-område, noko utviding av spreidde bustadformål og gjenbruk og modernisering av allereie bygde tomter og areal.
- Bygdene skal kunna tilby eit landleg og roleg liv, med god tilgang på kvardagsfunksjonar i sitt næraste senter.
- Legga til rette for aktive lokalsamfunn i bygdene, med møteplassar i form av uterom, samfunnshus, kontorfellesskap og liknande, både som nye etableringar og gjenbruk av eksisterande bygg.
- Her skal det vera rom for småskalanæring, landbruk, turisme, reiseliv og lokale bedrifter, også ved å gjenbruka areal eller ved å bruka gamle bygg på ein ny måte.
- Ein føreset av utnyttingsgrad skal vera lik 30 prosent BYA i heile kommunen, med unntak av senterområda.
- Det skal vera høve til å vedlikehalda eksisterande naust og sjøbuer slik at strilakulturen/kystkulturen vert vidareført.
- Det vert lagt til rette for nye naustområde og småbåthamner i kommunen.
- Vi skal ha god tilgang til utlegging av flytebrygger i kommunen i nye og eksisterande område.
- Legga til rette for etablering av trygge og effektive snarveggar og koplingar utan krav om universell utforming, som eit alternativt tilbod for gåande og syklende.
- Krav om vegutbetringar og trafikksikringstiltak må samsvara med omfanget av utbygginga.



9.3 Arealstrategiar for lokalsentera Stranda, Spildepollen, Fjell, Møvika/ Ulveset, Knarrvika, Toftøy og Tjeldstø

Namn på strategien:

Vi skal styrka lokalsentera som den lokale møteplassen, med korte avstandar til kvardagstilboda for dei som bur her og dei som bur i bygdene rundt.

9.3.1 Viktige grep for å styrka lokalsentra våre

- Alle lokalsentera treng ikkje å ha identiske tilbod, og gode kollektivtilbud eller mobilitetsløysingar vil opna for at funksjonar vert delte mellom lokalsentera og kommunedelsentera.
- Legga til rette for kvardagstilbod som skule, barnehage, daglegvare, småskalaforretning og -tenesteyting, lokale kultur- og fritidstilbod, inkluderande møteplassar og attraktive uterom.
- Styrka lokalsentra med bustader tett på kvardagstilboda.
- Knutepunkt for kollektiv og transport frå bygdene, og vidare mot dei andre senterområda og -nivåa i kommunen.
- Det må leggest til rette for innfartsparkering ved aktuelle knutepunkt.



9.4 Arealstrategiar for kommune- delsentera Skogskiftet, Ågotnes og Rong

Namn på strategien:

Vi skal styrka kommunedelsentera ut i frå lokale behov og moglegheiter, og med større variasjon av tilbod enn i lokalsentera.

9.4.1 Viktige grep for å styrka kommune- delsentera våre

- Kommunedelsentera er også næraste senter for sitt omland, og skal vera ein trygg og attraktiv stad å bu og veksa opp.
- Styrka og vidareutvikla tilboda innan detaljhandel, kommunale helse- og omsorgsteneste, skule, barnehage, kultur, fritid og idrett.
- Styrka kommunedelsentera med bustader tett på eit utvida tilbod av arbeidsplassar og tenester.
- Kommunedelsentera skal vera knutepunkt for kollektiv og transport mot bygdene våre, lokalsentera og Straume.



9.5 Arealstrategiar for kommune- og regionsenteret Straume

Namn på strategien:

Vi skal styrka kommune- og regionsenteret som ein urban, trygg og inkluderande møteplass for alle innbygarane våre.

9.5.1 Viktige grep for å styrka kommune- og regionsenteret vårt

- Kommune- og regionsenteret er også næraste senter for sitt omland, og skal vera ein trygg og attraktiv stad å bu og veksa opp.
- Størst mangfald av offentlege og private tenestetilbod, med sterke klynger innan handel, næring, kompetanse, helse og kultur.
- Høgast grad av fortetting av bustader for å kunna oppretthalda mangfaldet av offentleg og privat tenestetilbod.
- Styrka kommune- og regionsenteret som det viktigaste knutepunktet for kollektiv og kommunikasjon/transport i kommunen, med effektive og gode transportlinjer mot resten av kommunen og Bergen.
- Prioritera potensialet i nytt areal på Stovevatnet til å utvikla gode og kommunale og regionale tenestetilbod tett på grønne strukturar, knyta saman nord-sør-aksen i Straume sentrum og leggja til rette for mjuke trafikantar.
- Bildøyna skal vera ei naturleg vidareutvikling av kommune- og regionsenteret med sentrumsfunksjonar, bustader og vidare vending mot sjøen.




9.6 Arealstrategiar for å styrka oss som ein attraktiv næringskommune

Namn på strategien:

Vi skal skapa gode rammevilkår for næringslivet.

9.6.1 Viktige grep for å styrka oss som ein attraktiv næringskommune

- Ut frå lokale føresetnader og ressursgrunnlag skal vi leggja til rette for næringsutvikling i heile kommunen.
- For at næringslivet i Øygarden leier an i det grønne skiftet og er ein innovativ og attraktiv næringskommune, skal vi ha fleksible og tilgjengelege areal på land og i sjø.
- Styrka og vidareutvikla dei store og viktige industri- og næringsområda våre, og peika ut nye/eigna område som støttar opp om framtidsretta klynger og næringar i det grønne skiftet.
- Legga til rette for berekraftig, fleksibel og framtidsretta havbruk. Arealbruk i sjø skal samordnast regionalt for å sikra best moglege vilkår for næringslivet, og for å ta vare på miljø og naturmangfaldet.
- Næringsareal skal vera kopla mot utbygd eller planlagt infrastruktur.
- Industri og transportkrevjande næringar skal vera kopla mot hovudvegfararsårer på land eller sjø.
- Prioritera landbruket framfor å bygga ned dyrka mark og viktige, både noverande og framtidige, beiteareal.
- Legga til rette for næringsutvikling og verdiskaping basert på kystkultur- og fritidsaktivitetar, reiseliv, kultur og landbruk i alle deler av kommunen vår, også der vi kan bygga opp om kulturhistoriske stadar.





9.7 Arealstrategiar for å ta vare på naturen vår og styrka Øygarden som staden for gode naturopplevingar

Namn på strategien:

Vi skal sikra ei klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling og leggja til rette for god folkehelse og besøksattraktivitet, ved å ta vare på naturen vår.

9.7.1 Viktige grep for å ta vare på naturen vår og styrka Øygarden som staden for gode naturopplevingar

- Vi skal ta vare på naturen vår på land, i vatn, vassdrag og sjø.
- Styrka tilgangen vi i Øygarden har til rekreasjonsområde, urørt natur og nærturterreng.
- Det skal i alle deler av kommunen tillatast at det vert bygd turstiar for å sikra at alle får tilgang til aktuelle naturområde.
- Forvalta areal på land, i vatn, vassdrag og sjø ut i frå oppdatert kunnskap, med fokus på å ta vare på viktige økosystem og redusera klima- og miljøpåverknaden.
- Finna balansen mellom vern og bruk ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområde.
- Visa naturmiljø, kyst- og kulturlandskap, kulturmiljø og friluftsområde og landbruk med eigne omsynssoener.
- Leggja til rette for aktivt friluftsliv ved å prioritera utfartsparkering og tilrettelegging ved dei viktigaste friluftsområda våre.
- Planlegga for ein arealbruk som unngår konflikhtar mellom bruksområde, som til dømes mellom bustad og støv- og støvproduserande næringsformål.

- Samlokalisera, fortetta, effektivisera, og gjenbruka areal på land og i strandsona.
- Vurdera om ubygde areal som er sett av til byggeformål, kan erstattast med nye og meir attraktive og framtidretta lokaliseringar.
- Ta vare på verdiane i strandsona, og vurderer korleis vi skal leggja til rette for differensiert bruk og vern ut i frå lokale føresetnader og moglegheiter.
- Leggja til rette for aktivitetar ved sjø og vidareutvikling av eksisterande sjøbruksmiljø, med naust og tilhøyrande anlegg.
- Finna stader der vi kan leggja til rette for å samla fellesanlegg i strandsona, som småbåtanlegg, småbåthamner og felles naustfunksjonar.
- Plassera utbyggingsområde og utvikla desse slik at dei toler konsekvensar av klimaendringane, som til dømes auka risiko for flaum, vind, skred og steinsprang.



Selståbuena | Foto: Silje Katrine Robinson



10 Korleis følgjer vi opp samfunnsdelen til kommuneplanen?



Her kan du lesa om korleis vi skal arbeida for å sikra oppfølginga av måla vi set oss i samfunnsdelen.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste styringsverktøyet vi har, og skal leggest til grunn for alt arbeid og vidare utvikling av kommunen vår. Samfunnsdelen er styrande for økonomiplanen, som utgjer handlingsdelen til kommuneplanen, og øvrige planar. I øvrige planar vert mål, delmål og strategiar konkretisert.



Samanheng i plansystemet

Politiske planar

Kva er utfordringane?



Kva skal vi oppnå?



Korleis skal vi bruka areala våre for å nå måla?



Korleis skal vi arbeida for å oppnå måla?



Kva skal vi gjera dei neste fire åra for å nå måla?



Administrative planar

Kva skal dei ulike einingane bidra med for å følgja opp måla?



Kva vart resultatet?






Ordførar Tom Georg Indrevik delte ut berekraftsballar til alle skulane i Øygarden | Foto: Vigleik Brekke





ØYA
STEINGARDEN
MYRULL DANSAR I VINDEN



Øygarden kommune

Telefon: 56 16 00 00

E-post: postmottak@oygarden.kommune.no

Postadresse: Ternholmvegen 2, 5337 Rong

Besøksadresse: Øygarden rådhus, Foldnesvegen 1, 5354 Straume

Nettside: oygarden.kommune.no

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/SAMFUNNSDELEN